

Møteprotokoll

Administrasjonsutvalet

Møtedato: 13.11.2025

Møtetid:

10:00 - 10:30

Møtestad: Ordførar sitt kontor -
kommunehuset

Saksnr.:

016/25 – 019/25

Følgjande medleamar møtte	Parti
Aud Marit Berge Feidje	AP
Delta v/ Hilde-Gunn Hellen	
Eivind Sverre Lidal	SP
Fagforbundet v/ Eva Renate Tjønn	
Marta Sofie Vange	H
Roy Egil Stadheim	AP
Rune Lunde	AP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Utdanningsforbundet v/ Nina Karin Hove	

Følgjande varamedl. møtte	Parti
Delta v/ Hilde-Gunn Hellen	

Ugilde	Parti	Sak	Følgjande varamedl. Møtte	Parti

Møteleiar:	Ordførar Roy Egil Stadheim
Frå adm. møtte:	Kommunedirektør Siri Fahlvik Pettersen
Dokument utlevert i møte:	
Synfaring:	
Merknader:	



Sakliste

Sak nr.	Saktittel
016/25	Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka
017/25	Referatsaker
018/25	Orienteringssaker til administrasjonsutvalet 13.11.25
019/25	Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029



016/25: Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka (i tillegg til ordføraren):

13.11.2025 Administrasjonsutvalet

ADMU - 016/25 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka (i tillegg til ordføraren): Rune Lunde (SP) og Marta Sofie Vange (H).

Samrøystes.

017/25: Referatsaker

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

13.11.2025 Administrasjonsutvalet

Det var ingen referatsaker i møtet.

ADMU - 017/25 Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Samrøystes.

018/25: Orienteringssaker til administrasjonsutvalet 13.11.25

Kommunedirektøren si tilråding

Administrasjonsutvalet tek orienteringane til vitande.

13.11.2025 Administrasjonsutvalet

Det var ingen orienteringar i møtet.

ADMU - 018/25 Vedtak:

Administrasjonsutvalet tek orienteringane til vitande.

Samrøystes.



019/25: Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet legg budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 ut på høyring slik den ligg føre, og formannskapet legg saka fram for kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 slik det kjem fram av skjema “løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd”, “løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd” og “økonomisk oversikt drift etter § 5-6”
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele løns-reserven på sektorane og dei enkelte tenestoområda.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å føreta budsjettendringar mellom tenester innafor sektoren si rammeløyving.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å flytte budsjettmidlar mellom sektorar der dette skjer som følge av organisatoriske endringar, og ikkje som følge av omprioriteringar.
5. Kommunedirektøren får fullmakt til å føreta budsjettendring ved årsslutt når det gjeld naturressursskatt. Naturressursskatten er opphavleg budsjettert saman med inntekts- og formuesskatten. Ved årsslutt, når naturressursskatten for 2026 er kjent, vert den trekt ut av inntekts- og formuesskatt og ført på eigen art.
6. Skatt til kommunen for inntektsår 2026 på eige og innkome vert utlikna slik:
 - a) På eige: Høgast lovleg sats
 - b) På innkome: Høgast lovleg sats.
7. Med heimel i eigedomsskattelova §§ 2 og 3a vert det i 2026 skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i Vik kommune, med fylgjande vilkår:
 - a) Den alminnelege promillesatsen vert sett til 7 promille, jfr. eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.
 - b) Differensiert skattesats for eigedomar med sjølvstendige bueiningar og fritidsbustader vert sett til 4 promille, jfr. eigedomsskattelova §§ 11 fyrste ledd og 12a.
 - c) Kommunestyret frittek eigedomar etter §§ 7a og 7b i eigedomsskattelova. Liste vert lagt fram i eiga sak i kommunestyret innan utgangen av februar 2026.
 - d) Eigedomsskatt skal skrivast ut i fire terminar, saman med kommunale avgifter med forfall 15.03, 15.05, 15.08 og 15.11 jfr. eigedomsskattelova § 25.
8. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet for 2026 med brutto investeringsutgifter på kr. 81.830.00 i samsvar med løyvingsoversikta “løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd”. Kommunestyret deleger til formannskapet å omfordela innafor den gjevne ramma.
9. Kommunestyret godkjenner at det blir tatt opp lån til investeringar på inntil kr. 23.208.000,-. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån, og avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor vedteken låneramme.



10. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren kan nytte startlån i Husbanken til vidare utlån inntil kr. 2 000 000. Kommunedirektøren finansierer desse utlåna med unytta lånemidlar.
11. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om refinansiering av tidlegare opptatte lån til nye lånevilkår og løpetid, samt fullmakt til å underteikne lånedokument.
12. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp kassakredittlån/likviditetslån innafor ei kredittramme på kr. 50 000 000.
13. Godtgjersla til ordføraren skal vera 95 % av stortingsrepresentantane si til ei kvar tid gjeldande løn.
14. Kommunedirektøren får fullmakt til å nytte midlar frå kraftfondet (konsesjonavgifts-inntekter avsett til næringsfond) 2026 slik:
 - a) Til driftsføremål: Kr. 2.000.000,-
 - b) Til andre tiltak: Kr. 5.651.000,-
 - c) Sum: kr. 7.651.000,-
15. Overføringer, omgjeringsar m.m.: Formannskapet får fullmakt til å gjera vedtak om overføring av løyvingar til neste års budsjett, eventuelt gjera vedtak om strykingar av avsetjingar m.m. jfr. kapittel 4 i budsjett og rekneskapsforskriftene.
16. Garantiar på sosialt grunnlag 2026: Formannskapet si ramme for garantiar gjevne på sosialt grunnlag vert sett til kr. 150 000.
17. Prisen «Årets Vikje for 2026»: Kommunestyret set av Kr. 5.000,- til prisen «Årets Vikje for 2026».
18. Kommunestyret godkjenner betalingssatsar, avgifter og gebyr for 2026 slik det går fram av kommunedirektøren sitt framlegg til gebyr i budsjett for 2026. Satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2026.
19. Kommunestyret vedtek at eigenkapitalstilskotet til KLP, kr. 1.000.000,- i investering, blir finansiert av midlar frå drift.
20. Kommunedirektøren får fullmakt til å redigere, rette opp feil og innarbeide merknadar og kommunestyret sine vedtak til budsjettframlegget.

12.11.2025 Arbeidsmiljøutvalet

Felles framlegg frå AMU:

Kommunedirektøren har i budsjettet lagt fram forslag om å få nytte 1,6 mill kr av bundne driftsfond til organisasjonsutvikling med fokus på oppfølging av 10-faktor og leiaropplæring. AMU ber om at kommunestyret gjer positivt vedtak om dette. AMU set pris på at midlar til bedriftshelseteneste og velferdsmidlar heldt fram som før.

AMU - 016/25 Vedtak:

Kommunedirektøren har i budsjettet lagt fram forslag om å få nytte 1,6 mill kr av bundne driftsfond til organisasjonsutvikling med fokus på oppfølging av 10-faktor og leiaropplæring. AMU ber om at kommunestyret gjer positivt vedtak om dette. AMU set pris på at midlar til bedriftshelseteneste og velferdsmidlar heldt fram som før.

13.11.2025 Administrasjonsutvalet



Votering nr 1 - Votering over forslagForslag: **Opprinnelig forslag****For:** 7 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1**Mot:** 0 stemmer (0%)**ADMU - 019/25 Vedtak:**

Administrasjonsutvalet vedtek budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029.

1. Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 slik det kjem fram av skjema "løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd", "løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd" og "økonomisk oversikt drift etter § 5-6"
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele løns-reserven på sektorane og dei enkelte tenestoområda.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å føreta budsjettendringar mellom tenester innafor sektoren si rammeløyving.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å flytte budsjettmidlar mellom sektorar der dette skjer som følgje av organisatoriske endringar, og ikkje som følgje av omprioriteringar.
5. Kommunedirektøren får fullmakt til å føreta budsjettendring ved årsslutt når det gjeld naturressursskatt. Naturressursskatten er opphavleg budsjettetert saman med inntekts- og formuesskatten. Ved årsslutt, når naturressursskatten for 2026 er kjent, vert den trekt ut av inntekts- og formuesskatt og ført på eigen art.
6. Skatt til kommunen for inntektsår 2026 på eige og innkome vert utlikna slik:
 - a) På eige: Høgast lovleg sats
 - b) På innkome: Høgast lovleg sats.
7. Med heimel i eigedomsskattelova §§ 2 og 3a vert det i 2026 skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i Vik kommune, med fylgjande vilkår:
 - a) Den alminnelege promillesatsen vert sett til 7 promille, jfr. eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.
 - b) Differensiert skattesats for eigedomar med sjølvstendige bueiningar og fritidsbustader vert sett til 4 promille, jfr. eigedomsskattelova §§ 11 fyrste ledd og 12a.
 - c) Kommunestyret fritek eigedomar etter §§ 7a og 7b i eigedomsskattelova. Liste vert lagt fram i eiga sak i kommunestyret innan utgangen av februar 2026.
 - d) Eigedomsskatt skal skrivast ut i fire terminar, saman med kommunale avgifter med forfall 15.03, 15.05, 15.08 og 15.11 jfr. eigedomsskattelova § 25.
8. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet for 2026 med brutto investeringsutgifter på kr. 81.830.00 i samsvar med løyvingsoversikta "løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd". Kommunestyret deleger til formannskapet å omfordela innafor den gjevne ramma.
9. Kommunestyret godkjenner at det blir tatt opp lån til investeringar på inntil kr. 23.208.000,-. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån, og avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor vedteken låneramme.



10. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren kan nytte startlån i Husbanken til vidare utlån inntil kr. 2 000 000. Kommunedirektøren finansierer desse utlåna med unytta lånemidlar.
11. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om refinansiering av tidlegare opptatte lån til nye lånevilkår og løpetid, samt fullmakt til å underteikne lånedokument.
12. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp kassakredittlån/likviditetslån innafor ei kredittramme på kr. 50 000 000.
13. Godtgjersla til ordføraren skal vera 95 % av stortingsrepresentantane si til ei kvar tid gjeldande løn.
14. Kommunedirektøren får fullmakt til å nytte midlar frå kraftfondet (konsesjonavgifts-inntekter avsett til næringsfond) 2026 slik:
 - a) Til driftsføremål: Kr. 2.000.000,-
 - b) Til andre tiltak: Kr. 5.651.000,-
 - c) Sum: kr. 7.651.000,-
15. Overføringer, omgjeringar m.m.: Formannskapet får fullmakt til å gjera vedtak om overføring av løyvingar til neste års budsjett, eventuelt gjera vedtak om strykingar av avsetjingar m.m. jfr. kapittel 4 i budsjett og rekneskapsforskriftene.
16. Garantiar på sosialt grunnlag 2026: Formannskapet si ramme for garantiar gjevne på sosialt grunnlag vert sett til kr. 150 000.
17. Prisen «Årets Vikje for 2026»: Kommunestyret set av Kr. 5.000,- til prisen «Årets Vikje for 2026».
18. Kommunestyret godkjenner betalingssatsar, avgifter og gebyr for 2026 slik det går fram av kommunedirektøren sitt framlegg til gebyr i budsjett for 2026. Satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2026.
19. Kommunestyret vedtek at eigenkapitalstilskotet til KLP, kr. 1.000.000,- i investering, blir finansiert av midlar frå drift.
20. Kommunedirektøren får fullmakt til å redigere, rette opp feil og innarbeide merknadar og kommunestyret sine vedtak til budsjettframlegget.

Samrøystes.

